

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO



*Vår saksbehandler:*  
Sveinung Bertnes Råheim  
79024358

*Vår dato:*  
16.03.2012  
*Deres dato:*  
13.02.2012

*Vår ref: (bes oppgitt ved svar)*  
2012/00265-2  
**a.008**  
*Deres ref:*  
201200378

## Sysselmannen si fråsegn på forslag til standard og tegneregler til arealplaner på Svalbard

### Generelle tilbakemeldingar.

Planer etter Svalbardmiljølova har lenge vorte utarbeida på mange ulike måtar, både i høve til fargebruk på føremålsområder, bruk av overlappande føremål, kombinerte føremål, teknisk oppbygning og lagringsformat. Ein har tatt utgangspunkt i eksisterande planer, tekniske mulegheiter i programvare ein til ei kvar tid har nytta, tegnereglane i plan- og bygningslova (PBL) med meir. Resultatet er at vi har lite homogene planar både på papir og på digital form. Vinteren 2011 vart det starta opp eit arbeid med å utarbeide ein planstandard for arealplaner etter Svalbardmiljølova. Ein planstandard gjev fleire mulegheiter:

1. Mulegheit for å lage sømlause løysningar som viser alle planer i planområda på Svalbard – digitalt planregister.
2. Enklare for planansvarlege på Svalbard å bestille planer frå konsulentfirma. Planstandarden vil sette standarden for utforminga av planane både analogt og digitalt.
3. Einheitlege planar der fargebruk og symbolisering er likt på tvers av ulike planar.

Ein vart raskt samde om at det var hensiktsmessig å ta utgangspunkt i det omfattande arbeidet som er gjort på fastlandet med standardisering av planar etter Plan- og bygningslova (PBL). I ny plan- og bygningslov (2008) er reglane for kartutforming vorte definert i ei eiga kartforskrift. Det er ikkje lenger muleg å definere arealføremål som ikkje er med i kartforskrifta. Med utgangspunkt i kartforskrifta har Miljøverndepartementet og Statens Kartverk utarbeida eit omfattande rettleingsmateriale og standardisert det heile gjennom sosistandard for arealplanar. Svalbardmiljølova er opnare utforma enn plan- og bygningslova. Arealplanansvarleg kan i utgangspunktet fritt definere underføremål under dei 9 hovudføremåla. Standarden må ha eit endeleg antal føremålsområder og er derfor i praksis ei innsnevring av handlingsrommet lova legg opp til. Lova vil sjølvstøtt gå framfor ein eventuell standard for planar etter Svalbardmiljølova, Sysselmannen trur likevel standarden har tatt opp seg dei fleste aktuelle føremål for muleg arealbruk og kombinasjonar av dette på Svalbard.



For å prøve ut den nye planstandarden, har Sysselmannen i samarbeid med dei ulike planansvarlege omarbeida arealplanen for Longyearbyen og Ny-Ålesund til ny standard. Det har ikkje bydd på problem, men det har gjeve nyttig erfaringar med kva føremål og ikkje minst overlappende føremål (hensynssoner i plan- og bygningslova) det er naudsynt å ha med i planstandard for Svalbard. Også den nye arealplanen for Sveagruva og delplanen for geodesiantenna i Ny-Ålesund blir utarbeida etter ny planstandard.

I dokumentasjonen til planstandarden er det viktig at det blir brukt illustrasjonar frå planer etter Svalbardmiljølova og ikkje etter Plan- og bygningslova. Sysselmannen har fleire planar som følgjer dei nye tegnereglane. Vi kan enkelt lage utsnitt med døme frå Svalbard dersom Miljøverndepartementet ønskjer å nytte dei.

## Konkrete innspel til planstandarden

### Gjennomgang av føremåla i Svalbardplan

Svalbardmiljølova § 49-3 definerer kulturminne-, natur- og friluftsområder. Disse kan brukast samla, kvar for seg eller i kombinasjon. Det tilsvarende i plan- og bygningslova er LNFR-områder, desse er ikkje delelege. I dokumenta «Spesifikasjon for tegneregler» og «Svalbardplan 4.5» er det ikkje konkludert med kva ein skal velje – fleire av dei aktuelle føremåla er ramsa opp fleire gonger. Sysselmannen foreslår følgjande koder:

- 5120 – Naturområde
- 5130 – Friluftsområde
- 5150 – Kulturminne-, natur- og friluftsområde
- 5152 – Kulturminne- og friluftsområde
- 5153 – Kulturminne- og naturområde
- 5154 – Natur- og friluftsområde
- 5600 – Kulturminneføremål
- 5900 – KNF-område i kombinasjon med andre hovudføremål

Føremåla merka med raudt har nye koder. Vi foreslår å ikkje nytte kode 3020 frå Plan- og bygningslova. Dette gjer det muleg å utelate heile kapittelet om grøntstruktur frå PBL.

*1500 – Andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg* er ført opp både under §49-1 og §49-2. Vi er usikre på om dette er vil lage problem i ulike typer programvare? Vi ber MD / Kartverket vurdere dette.

Under §49-4 manglar «Råstoffutvinning kombinert med andre hovudføremål» kode. Vi foreslår den ledige koda 1290.

§49-5 – forskningsområder. «Undervisning», kode 1162, må anten utelatast eller flyttast til §49-1, byggeområder. For ordens skuld nemner vi at kodene 1167 og 1168 (permanent og midlertidig forskningsområde) er unike for Svalbard.

Til dei andre føremålsområdene i dokumentet «Arealplaner etter Svalbardmiljøloven» har vi ikkje merknader.



### **Hensynsoner / overlappende arealføremål i Svalbardmiljølova**

Hensynssoner eksisterer ikkje i Svalbardmiljølova. Planteknisk er likevel hensynssoner brukt i stor utstrekning for planer etter Svalbardmiljølova. Dette fordi det er opna opp for stor grad av kombinerings av arealføremål. Teknisk fungerer dette som hensynssoner, men formelt har vi brukt omgrepet «overlappende arealføremål».

I høyringsdokumenta er overlappende arealføremål skildra både i «Koder og presentasjon for hensynsoner i Svalbardplaner» og i spesifikasjonen «Svalbardplan 4.5". Desse to dokumenta er i dag ikkje samsvarande. Hensynssoner / overlappende arealføremål vil vere heimla i §§ 49-3 og 49-7.

- SvpFareSone. §49-7. Brukt i stor utstrekning i planer på Svalbard. Manglar i dokumentet «Svalbardplan 4.5». Dei føreslåtte kodene er dekkande.
- SvpSikringSone. §49-7. Brukt i stor utstrekning på Svalbard. Manglar i dokumentet «Svalbardplan 4.5». Dei føreslåtte kodene er dekkande.
- SvpStøysone. §49-7. Brukt i Longyearbyen. Basert på T-1442, sjølv om denne ikkje er gjort gjeldande på Svalbard. Manglar i dokumentet «Svalbardplan 4.5». Dei føreslåtte kodene er dekkande.
- SvpInfrastruktursone og SvpGjennomføringssone. Så langt Sysselmannen kan sjå er desse ikkje aktuelle for planer etter Svalbardmiljølova.
- SvpAngittHensynsone. §49-3 og muligens §49-7. Denne er brukt i stor utstrekning for å vise at eit område har kulturminneverdiar, sjølv om området ikkje er verna etter kap V i SML. Ein kan og sjå for seg at ein ønsker å bruke det for verdifulle naturområder eller friluftsområder i tilknytning til busetting med meir. I «Svalbardplan 4.5» er denne hensynssonekategorien erstatta med «SvpAngittVernesone». Dette er ikkje noko som er brukt i planar på Svalbard og det må etter Sysselmannen si meining rettast opp. Overlappende arealføremål er brukt i stor grad i planer etter SML. Det vil komplisere strukturen i planane betydeleg om ikkje ein gjev mulegheit til å lage overlappende arealføremål for natur og kulturminne. Av underføremåla vil «530-hensyn grøntstruktur» vere lite aktuelt. Grøntstruktur er ikkje eit omgrep i SML.
- SvpBåndleggingsone. Kapittel V i SML / § 49-3 og §49-9. Båndleggingsone er brukt i stor grad i alle arealplanområda på Svalbard. Alle automatisk- og vedtaksfreda kulturminner med tilhøyrande sikringssoner er lagt ut som SvpBåndleggingssoner. I «Svalbardplan 4.5» er det kommentert at denne ikkje er aktuell på Svalbard. Det er som forklart over, ikkje slik Sysselmannen ser saka. Vi stiller spørsmål ved om det bør utarbeidast eigne koder for Svalbard. Dei to mest aktuelle kodene i dag er peiker på hhv lov om naturvern og lov om kulturminner. Dette er lover som ikkje gjeld på Svalbard. Kanskje er det hensiktsmessig å legge til to nye koder som peiker på hhv kapittel V og kapittel III i SML? Vi foreslår i såfall:
  - 770 – båndlegging etter kapittel III (freda kulturminner og sikringssoner).
  - 771 – båndlegging etter kapittel V (naturvernområder)
 Kode 710, 740, 750 og 760 er uaktuelle for Svalbard. Innfører vi nye koder som nemnd over vil 720 og 730 og vere uaktuelle.
- SvpDetaljeringsone. Dette er mykje brukt i fleire av planområda – det vil seie at ein har delplaner som fortsatt skal gjelde. Ein treng her ei ny kode for «Delplan skal fortsatt gjelde». Sysselmannen har tidlegare føreslått 920.



- SvpBestemmelsesOmråde. §49 bokstav a. Dette vil kunne vere eit nyttig instrument. Kan mellom anna nyttast til å vise kor snødeponi skal ligge. Sysselmannen meiner det ikkje er behov for å lage tilsvarende løysning for §49 bokstav b – retningslinjeområde. I den grad det er laga retningslinjer, har det ikkje vore behov for å avgrense desse spesifikt på kart.

### Linjesymbol i planstandarden

Linjesymbol er i stor utstrekning brukt i planer på Svalbard fram til i dag og det er stort behov for å bruke desse vidare.

- SvpGrense. Det er stilt spørsmålsteikn ved om ein treng denne. Det gjer ein definitivt. Svpgrense er plangrensa for arealplanane (planområdegrense) og for dei ulike delplanane innafør eit planområde.
- Kodene for Strandlinje sjø og Strandlinje vassdrag (1260 og 1261) er knytta til strandsoneproblematikk og byggegrensar langs sjø og vassdrag. Dette knytter seg til strandsonereglar i PBL og kan derfor fjernast frå standarden for Svalbard.
- SvpJuridiskLinje manglar i dokumentet «Svalbardplan 4.5».
- I planområda har vi ofte både bygningar som er freda og bygningar som har verneverdi. Begge desse kategoriane er det ønske om å vise plankartet og ein ønsker helst å kunne skilje mellom dei. I høyringsforslaget har Miljøverndepartementet tatt inn ein ny kategori – Fredede bygningar. Dette er støttet vi. Vi vil likevel påpeike to forhold
  - Fredede bygningar manglar kode.
  - Vi foreslår å bytte streksymbol for «bygg, kulturminner som skal bevarast» og «fredede bygningar» slik at freda bygg får heiltrukken linje og verneverdige bygg frå stipla linje.
- Vi trur ikkje det er behov for linjetypene i «KpJuridiskLinje» i planstandarden.
- SvpInfrastrukturlinje. Denne må namnast om frå «KpJuridiskLinje». Vidare er fjernvarme mykje brukt på Svalbard. Denne manglar det kode for, vi foreslår kode 1169. SvpInfrastrukturLinje manglar og i dokumentet «Svalbardplan 4.5».
- SvpSamferdselsPunkt. Denne er ikkje nytta på Svalbard. Vi har tidlegare forstått på Berit Northug i Statens kartverk at denne og er svært lite nytta i planer på fastlandet. Vi foreslår å fjerne han frå planstandarden.

### Spesielle tilpassingar til for Svalbard

Eit av måla med å innføre ein planstandard for Svalbard er å ha mulegheit til å innføre eit digitalt planregister for alle planar her. Særleg for «SvpPlanområde» er det då behov for nokre tilpassingar til Svalbard:

- Plantype må utvidast slik at arealplan og delplan får eigne koder. Kode 35 og 36 er foreslått, det går ikkje, kode 35 er alt brukt for detaljregulering etter plan- og bygningslova. Sysselmannen har tidlegare foreslått kode 41 – arealplan og kode 42 – delplan. Vi foreslår å ta dette inn i standarden.
- Lovreferanse må utvidast. Forslaget er:
  - 7 – Svalbardmiljølova
  - 8 – Forskrift av 24. januar 1997 nr. 37 om arealplanlegging på Svalbard
- ArealplanID. Dette må vi ha. Førebels er det same «kommunennummer» for alle planområda, men dette blir det jobba med å endre på. Det er viktig å kunne ha unik identifikasjon av alle planar.



### **Oppsummering**

Sysselmannen er svært tilfreds med at det no blir laga ein standard for utarbeiding av arealplaner etter Svalbardmiljølova. Dokumentet som er sendt på høyring krev ein del opprydding før det er einheitleg, men alt i alt vil dette lette arbeidet med arealplaner på Svalbard i åra som kjem.

Med helsing

Guri Tveito  
miljøvernsjef

Sveinung Bertnes Råheim  
seniorrådgjevar

Kopi per epost til:  
Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS  
Longyearbyen Lokalstyre  
Kings Bay AS  
Trust Arktikugol